

Lindås Kommune

postmottak@lindas.kommune.no

Sak 15/4182 Innspel til Trafikksikringsplanen 2016

Bygdelaget 5915 femner om bygdene som soknar til Leiknes skule. Laget sine vedtekter gir mandat til å representera bygdene i uttalar til kommunen.

Krinsen vår har store utfordringar knytt til trafikksikring. Bygdelaget vil ta initiativ til at det vert utvikla ein meir heilskapleg plan for trafikksikringstiltak i krinsen vår. Det er viktig at fleire grupper vert høyrde og ein slik kartleggingsprosess tek tid.

Til den pågåande rulleringa av planen, har me fylgjande uttale:

1. Tryggleiken for born på skuleveg er naturleg nok det viktigaste tema og utløysande for mange tiltak. Dette er eit tema som også opptar Foreldre Arbeidsutvalet (FAU) ved skulen. Bygdelaget stør FAU sitt engasjement for saka og me viser til deira uttale.
 - a. Generell trafikkavvikling
 - i. Etter at det kom gang og sykkelveg mellom Hillesvåg og skulen, har vegbreidda blitt redusert slik at det ikkje er naturleg passasje i heile lengda. Det er laga ei einsleg lomme nedanfor feltet på Midtgård. Dette er vegen ut av bygda for alle som skal ut på riksvegen og for alle som skal til skule/barnehage. Trafikkavviklinga vert difor dårleg og monaleg svekka av at nye bu-einingar vert knytt til.
 - ii. Trafikkavvikling i kjerne-område ved barnehage og skule er ei særskilt viktig sak. Her er både skule og barnehage tett på ein annan, og det medfører stor trafikk og mykje born. Her trengs ulike tiltak som regulering av trafikkmønster, lommer for av- og påstiging og muligens redusert hastigheit på dette partiet.
 - iii. Området ved dagens buss stopp på skulen ligg i ein bratt bakke som kan føre til farlege situasjonar vinterstid når stopplengda for eit kjøretøy kan verta dramatisk mykje lengre. I tillegg manglar det tilstrekkeleg med plass for av- og påstigning, noko som fører til at mange parkerer langs vest sida fylkesvegen for å sleppe av borna. Borna må då kryssa vegen for å koma til skuleområdet, og her er korkje overgangsfelt eller anna regulering. Det seier seg sjølv at det medfører stor risiko.
 - b. Gang- og sykkelveg for dei borna som ikkje har krav på fri skuleskyss
 - i. Dette gjeld ein relativt stor strekning med periodevis tett bustadtettleik. Altså gjeld dette ein stor del av borna på skulen.
 - ii. Det har, på deler av strekningen, vore tatt initiativ til ulike tiltak tidlegare. Ein kjenner til konkrete område som av Nobina og Skyss sine verneombod er ansett

som særleg farleg. Her har ein freista å få i stand synfaring med Skyss og kommunen til stades. Dessverre, stilte kommunen ikkje.

- iii. Enkelte parti, er så smale og uoversiktlege at dei er farleg å ferdast på sjølv for vaksne. I tillegg er det på ein del av strekket stadig «små ras» i frå fjell-skjæringane. Steinen som kjem ned er av ein slik storleik at det kan få fatale konsekvensar om nokon får dei over seg.

c. Veglys

- i. Det er med stor glede me no ser at strekninga Mundal – Leknes Skule har fått ei kraftig oppgradering av veglysa. Heile vegen er no bra opplyst. For skule strekninga på nordsida av skulen kunne lysa med fordel ha stått tettare. Det er lagt ut kablar i veglekamen, men lysa manglar. Ei synfaring kunne også her vore på sin plass.

2. På- og avkjørsler til riksvegen

- a. Dette gjeld Hjelmås-krysset, Hillesvåg-krysset og Mundal-krysset. I desse kryssa har det vore fleire nesten-ulykker grunna for små marginar. Både i Hillesvåg og på Hjelmås er det arealmessig mogeleg å laga både av- og påkjøringsfelt.
- b. Den noverande fartsgrensa kan med fordel setjast ned til 70 km/timen inntil tiltak ovanfor er etablert.

3. Kombinerte nye trasèar for trimløype og trygg skuleveg

- a. Bygda har i noko tid sysla med tankar om å etablere ei eiga tur/trimløype mellom bygdene etter nye og litt eldre trasèar. Idèen oppstod saman med «Storstova» som eit av fire oppmuntringsprosjekt.
- b. Med god statistikk frå Brekke-løypa, er det klart at slike løyper er viktig for den jamne fysiske aktiviteten til folk flest særleg i vinterhalvåret. Førebyggjande helsetiltak viser igjen på fleire offentlege budsjett og er svært gode investeringar.
- c. Slike trasèar må sjåast som ledd i ein langsiktig utbyggingsplan for bygda. Når dei er etablerte gjev dei ikkje berre støyfri infrastruktur for mjuke trafikantar, men dei bind bygdelaga saman og skapar hyggelege treffpunkt som elles ikkje finst i ein motorisert kvardag.
- d. Slike løyper kan vera eit billegare alternativ enn å tvinga fram gang- og sykkelveg der gamlevegen går. Krav til svingar, stigningsgrad, dosering er annleis for denne type turstiar.
- e. Desse planane er ikkje gjennomarbeid og vil krevja ein omfattande prosess både i høve til kommunale planar og grunneigarane. Me trur eit nett av «humør-løyper» vil gjera godt både for bygda og samtidig vera eit godt alternativ som trafikksikringstiltak.

Styret i Bygdelaget 5915,

Cato Lyngøy (sign.)

Lars Alvær Hagesæter